



---

## Notat

---

Til:

Kopi til:

Saksbehandler: Kultur- og sørvistorget/Arthur Kleiveland

Vår referanse: 18/265 - 4 /

Dato: 26.03.2018

---

### **Emne: Høyringsvar til høring om endringar i omdelingsfrekvens av post - Radøy kommune**

Radøy formannskap har i møte 15. mars 2018 – sak 013/2018 gjeve følgjande høyringsvar til høyringa om «Kravet til leveringspliktige posttjenester i fremtiden – forslag til endring av postloven»:

*Radøy kommune vil i første omgang peika på at ein har forståing for at det er økonomisk ulønsamt å halda fram med postombering 5 dagar i veka med bakgrunn i den stadig aukande digitaliseringa. Likevel ser me at det i enkelte område og for utsette grupper er naudsynt med kompensasjon for reduksjon i tilbodet. Dette gjeld spesielt menneske med nedsett funksjonsevne og mange eldre. I Samferdselsdepartementet sin uttale kjem det fram at ei gruppe på maksimalt 30.000-35.000 personar vil verta råka. I denne gruppa er det eldre og rørslehemma som vert nemnd.*

*Radøy kommune vil peika på at det ikkje utelukkande er personar med rørslehemming og alderdom som vert råka. Det er fleire grunnar til at personar kan ha nedsett funksjonsevne, og me ber om at ein ser på desse tala på nytt.*

*I følgje rapporten «Dekningsanalysen 2017» som det vert referert til, har 99,98 % av alle husstandar i Noreg eit tilbod om breidband med minimun 4 Mbit/s nedstraums hastigheit. Dei resterande husstandane som manglar tilbodet vil vera færre enn 1000 i følgje denne rapporten. Radøy kommune meiner at dette ikkje gjenspeglar reell dekning, då informasjon om dekning berre er rettleiande og ikkje vil vera nokon garanti for at det faktisk er dekning enkelte stader. Teoretiske berekningar om dekningsgrad seier ikkje noko om dei faktiske forhold, og vi meiner difor at mengd husstandar som ikkje har reell nett-tilgang er større enn*

*det som vert rapportert. Dette vil etter vår meining ramma fleire.*

*Det vert oppfatta slik at det uansett ikkje vil vera gjennomførbart med dagens postombering. Radøy kommune stiller seg difor bak forslaget om ombering annankvar dag. Me meiner at det ikkje vil vere tenleg å berre levera post ein dag i veka.*

*Me ser ikkje at Posten kan koma utanom kompenserande tiltak til sårbare grupper ved innføring av redusert tilbod. Sjølv om ein oppfordrar til leige av postboks, vil det til dømes for mange vera vanskeleg å koma seg til postboksen, spesielt i distrikta. Vi stiller oss og undrande til at ein refererer til betalingsvilje dersom sendinga er viktig nok. Dette vil nok vera gjeldande for ressurssterke personar, medan det for ressursvake vil ha motsett effekt.*